

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200707857-19/500.T00/EINGIL

Dykkar ref.:
200806371

Bergen, 10. desember 2008

Forslag til endringar i Opplæringslova, høyringsfråsegn, Hordaland

Lagt ved finn de Fylkesrådmannen sin utgreiing til Fylkestinget i Hordaland og Fylkestinget sitt vedtak om høyringsfråsegn i samband med regjeringa sitt forslag til endring i Opplæringslova og Privatskulelova.

Vedtaket finn de på side 2 og 3 i særutskrifta.

Desse dokumenta er sendt elektronisk i pdf. format.

Med helsing

Einar Gilberg
Spesialrådgjevar



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200707857
Arkivnr. 500.T00
Sakshandsamar Gilberg, Einar

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Opplærings- og helseutvalet	02.12.08	49/08
Fylkesutvalet	04.12.08	300/08

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKOLELOVA

Opplærings- og helseutvalet 02.12.08

Eivind Nævdal-Bolstad sette fram følgjande tilleggspunkt på vegner av H, FRP og KRF:

”Fylkesutvalget ser generelt negativt på innstramminger i privatskoleloven, og særlig forslaget om å fjerne hjemmelen for godkjenning av nye private skoler for funksjonshemmede. Fylkesutvalget stiller seg derfor negativ til denne endringen under kapittel 8 i høringsnotatet”.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Nævdal-Bolstad sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (SP/AP/SV/R).

INNSTILLING

Fylkesutvalet stør forslag til endringar i opplæringslova i dei følgjande paragrafane:

1. § 8-2 Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper
2. § 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid
3. § 13-10 Punkt om årsrapport

Fylkesutvalet har følgjande kommentarar til endringane i paragrafane:

1. § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Fylkesutvalet meiner at forslaget vil kunne få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

2. Privatskulelova § 6-2 Skolepengar

Fylkesutvalet seier seg samd i at skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar. Fylkesutvalet meiner vidare at private og offentlege skular skal ha likt høve til å krevje idrettsskulepengar.

3. Fylkesutvalget ser generelt negativt på innstramminger i privatskoleloven, og særleg forslaget om å fjerne hjemmelen for godkjenning av nye private skoler for funksjonshemmede. Fylkesutvalget stiller seg derfor negativ til denne endringen under kapittel 8 i høringsnotatet.

Fylkesutvalet **04.12.08**

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”Endra siste setning i pkt. 2: (Privatskulelova § 6-2 Skolepengar)

Ut frå prinsippet om gratis opplæring, meiner Fylkesutvalet at departementet må kompensera for manglande høve til å krevja idrettsskulepengar.”

Magnar Lussand sette fram slikt forslag:

”Fylkesutvalet stør forslag til endringar i opplæringslova i dei følgjande paragrafane:

1. § 8-2 Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper
2. § 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid
3. § 13-10 Punkt om årsrapport

Fylkesutvalet har følgjande kommentarar til endringane i paragrafane:

1. § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Fylkesutvalet meiner at forslaget vil kunne få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

2. Privatskulelova § 6-2 Skolepengar

Fylkesutvalet seier seg samd i at skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar. Fylkesutvalet meiner vidare at private og offentlege skular skal ha likt høve til å krevje idrettsskulepengar.”

Røysting

Lussand sitt forslag fekk 1 røyst (SP) og fall.

Innstillinga til og med første setning i punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Holmefjord Olsen sitt forslag fekk 5 røyster (SV, A) og fall.

Innstillinga andre setning i punkt 2 vart vedteken mot 6 røyster (SP, SV, A).

Innstillinga punkt 3 vart vedteken mot 6 røyster (SP, SV, A).

VEDTAK

Fylkesutvalet stør forslag til endringar i opplæringslova i dei følgjande paragrafane:

1. § 8-2 Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper
2. § 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid
3. § 13-10 Punkt om årsrapport

Fylkesutvalet har følgjande kommentarar til endringane i paragrafane:

1. § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Fylkesutvalet meiner at forslaget vil kunne få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

2. Privatskulelova § 6-2 Skolepengar

Fylkesutvalet seier seg samd i at skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar. Fylkesutvalet meiner vidare at private og offentlege skular skal ha likt høve til å krevje idrettsskulepengar.

3. Fylkesutvalget ser generelt negativt på innstramminger i privatskuleloven, og særleg forslaget om å fjerne hjemmelen for godkjenning av nye private skoler for funksjonshemmede. Fylkesutvalget stiller seg derfor negativ til denne endringen under kapittel 8 i høringsnotatet.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 10. desember 2008



Arkivsak 200707857-16
Arkivnr. 500.T00
Saksh. Gilberg, Einar

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	02.12.2008
Fylkesutvalet	04.12.2008

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKOLELOVA

SAMANDRAG

Høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet vart lagt ut på departementet sine heimesider den 4. november. Fristen for å komme med ei fråsegn er sett til den 31. desember. I denne saka gjev Fylkesrådmannen uttaler til dei punkta som vedkjem fylkeskommunal verksemd. Det er punkta:

2. bestemmingar om organisering av elevane i grupper
3. plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa
4. minoritetsspråklige elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregåande opplæring
5. plikt til foreldresamarbeid i grunnskole- og vidaregåande opplæring
8. skulepengar for særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet stør forslag til endringar i opplæringslova i dei følgjande paragrafane:

1. § 8-2 Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper
2. § 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid
3. § 13-10 Punkt om årsrapport

Fylkesutvalet har følgjande kommentarar til endringane i paragrafane:

1. § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Fylkesutvalet meiner at forslaget vil kunne få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

2. Privatskulelova § 6-2 Skolepengar

Fylkesutvalet seier seg samd i at skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar. Fylkesutvalet meiner vidare at private og offentlege skular skal ha likt høve til å krevje idrettsskulepengar.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg: Høyringsnotat, Opplæringslova

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet legg fram forslag til endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og forslag til endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skular med rett til statstilskot (privatskolelova). Forslaga omfattar endringar på følgjande områder:

1. plikt til forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1.-4. trinn
2. bestemmingar om organisering av elevane i grupper
3. plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa
4. minoritetsspråklige elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregåande opplæring
5. plikt til foreldresamarbeid i grunnskole- og vidaregåande opplæring
6. rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa
7. bestemmingar som gjelder private skoler for funksjonshemma
8. skulepengar for særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

I denne saka gjev Fylkesrådmannen uttaler til dei punkta som vedkjem fylkeskommunal verksemd. Det er punkta:

2. bestemmingar om organisering av elevane i grupper
3. plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa
4. minoritetsspråklige elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregåande opplæring
5. plikt til foreldresamarbeid i grunnskole- og vidaregåande opplæring
8. skulepengar for særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

Bestemmingar om organisering av elevane i grupper

Gjeldande rett

Opplæringslova § 8-2 fastsett: ”§ 8-2. Organisering av elevane i grupper.

Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.

Kvar elev skal vere knytt til ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.”

Forslag til lovtekst

Opplæringsloven § 8-2 skal lyde (endringar er skrive i *kursiv*): ”§ 8-2. Organisering av elevane i *klasser eller basisgrupper*

I opplæringa skal elevane delast i klasser eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassene, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa, mellom anna kontakten med heimane.”

Fylkesrådmannen har ingen innvendingar mot forslaget. Klasseomgrepet er trekt inn i lovteksten, og behovet for sosialt tilhør er flytta opp som første grunngjeving. Endringa vil bety meir for grunnskulen. For vidaregåande utdanning får dette ingen negative konsekvensar.

Plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa

Gjeldande rett

Opplæringslova § 13-10 andre ledd fastsetter at kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Forslag til lovtekst

Nytt tredje punktum i § 13-10 andre ledd i opplæringsloven skal lyde: *Som ein del av oppfølgingsansvaret etter dette leddet skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.*

Skoleeigar vil etter forslaget kunne supplere tilstandsrapporten med informasjon ut frå eigne lokale behov.

Fylkesrådmannen meiner at forslaget til ny lovtekst i §13-10 er godt. Hordaland har allereie gjort eit politisk vedtak om å etablere ein slik praksis. Ein årsrapport som svarar til krava i den nye lovteksten skal handsamast i januar 2009.

Det står i høringsnotatet at departementet vil vurdere å omtale indikatorane for kvalitetsarbeidet i meldinga i ein rettleiar. Det meiner Fylkesrådmannen vil auke den samla nytten av rapportane.

Minoritetsspråklige elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregåande opplæring

Departementet foreslår at opplæringslova § 3-1 femte ledd blir endra slik at eksisterande rett til i inntil to år ekstra for minoritetsspråklege elevar i offentleg vidaregåande opplæring vert klart uttrykt. Dette vert gjort slik at det vert formulert ei henvising til opplæringslova § 3-12 i opplæringslova 3-1 femte ledd. Framlegget omfattar også ei vidareføring av kravet til sakkunnig vurdering av eleven sitt behov for ekstra tid i vidaregåande opplæring før fylkeskommunen fattar vedtak i tråd med avgjerda.

Forslag til lovtekst

§ 3-1 femte ledd lyder slik: (endringane i *kursiv*) Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, her rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjør vedtak *om utvida opplæringstid*, skal det liggje føre sakkunng vurdering av dei særlege behova eleven har. rette gjeld også for elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9, rett til opplæring i punktskrift etter § 3.10 *eller rett til særskilt språkopplæring etter § 3-12.*

Fylkesrådmannen sluttar seg til at minoritetsspråklege elevar får lovmessig forankra rett til to år ekstra tid til å gjennomføre vidaregåande opplæring, men har likevel nokre kommentarar til grunngjevinga for forslaget. Det vert i departementet si grunngjeving vist til at minoritetsspråklege elevar som kjem til Noreg seint i skolealder, på kort tid må tileigna seg norskferdigheiter for å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring; "Enkelte vil ikke klare å gjennomføre videregående opplæring innenfor samme tidsrom som elever med norsk som morsmål eller som har fått opplæring i norsk i hele skoleløpet." Denne situasjonen gjeld ikkje berre enkelte, men det store fleirtal av elevar som har 2-3 års opphald i Noreg før møtet med vidaregåande skole. Etter at læreplan *Norsk som andrespråk for språklige minoriteter* vart teken bort, og erstatta av *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter* er det ei aukande gruppe som ikkje vil kunne gjennomføre vidaregåande opplæring med full kompetanse etter tre år. Etter Fylkesrådmannen si vurdering, treng denne elevgruppa ein læreplan i

norsk som er tilpassa dei, som gir studiekompetanse og som let dei fullføre vidaregåande opplæring på lik line med norsk elevar.

Det er viktig å presisere at ordninga ikkje må bli ei sovepute for skulane som fører til mindre tilpassa opplæring, eller som reduserer tilbodet om innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar, der dei ikkje brukar av opplæringsretten. Målet er å sluse flest mogleg elevar gjennom på normert tid.

Det er vanskeleg å forstå at departementet kan hevde at forslaget ikkje vil leggje nye økonomiske og administrative plikter på fylkeskommunen. Oppretting av nye klassar for minoritetsspråklege elevar som skal ta eitt til to ekstra år i vidaregåande opplæring, vil få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Plikt til foreldresamarbeid i grunnskole- og vidaregåande opplæring

Gjeldande rett

Formålsparagrafen i opplæringsloven § 1-2 femte ledd understrekar at det gjennom heile grunnopplæringa, både i grunnskole og vidaregåande opplæring, skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer. Dette er formulert slik:

”Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar, lære kandidatlar og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv.”

Læreplanverkets prinsippdel inneheld også eit punkt om foreldresamarbeid som gjeld heile grunnopplæringa. Her heiter det:

”Foreldrene/de foresatte har hovedansvaret for egne barn og de har stor betydning for barnas motivasjon og læringsutbytte. Samarbeidet mellom skole og hjem er sentralt både i forhold til å skape gode læringsvilkår for den enkelte og et godt læringsmiljø i gruppen og på skolen. En forutsetning for godt samarbeid er god kommunikasjon. I samarbeidet vil gjensidig kommunikasjon om elevenes faglige og sosiale utvikling og deres trivsel stå sentralt. Samarbeidet mellom skole og hjem er viktig i hele grunnopplæringen, men vil endre karakter og form etter hvert som elevene blir eldre og får større ansvar for egen læring og utvikling. Samarbeid mellom skolen og hjemmet er et gjensidig ansvar, men skolen skal ta initiativ og legge til rette for samarbeidet. Opplæringsloven, forskrift til loven og Læreplanverket danner grunnlaget for samarbeidet, og foreldrene/de foresatte skal ha reell mulighet for innflytelse på egne barns læringsarbeid faglig og sosialt. Hjemmet skal få informasjon om målene for opplæringen i fagene, elevenes faglige utvikling i forhold til målene og hvordan hjemmet kan bidra til å fremme elevenes måloppnåelse. Videre skal hjemmet ha informasjon om hvordan opplæringen er lagt opp og hvilke arbeidsmåter og vurderingsformer som brukes. Det må også legges tilrette for at foreldrene/de foresatte får nødvendige opplysninger for å kunne delta i reelle drøftinger om utviklingen av skolen.”

Forslag til lovtekst

Departementet foreslår at ny § 13-3d skal lyde:

§ 13-3d. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for samarbeid med foreldre i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.

Fylkesrådmannen meiner det er bra at foreldresamarbeid i grunnopplæringa presiserast i ny §13-3d. Som verkemiddel for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring, er skule-heim samarbeidet viktig.

Skulepengar for særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

Gjeldande rett

Etter privatskolelova § 6-2 første ledd kan alle private skoler som mottok offentleg støtte, krevje skolepengar frå elevane. Skolepengane kan utgjere inntil 15 prosent av tilskotsgrunnlaget, med eit beløp fastsett av departementet i tillegg for dekning av utgifter til husleige/kapitalkostnader.

Forslag til ny lovtekst

Privatskoleloven § 6-2 nytt femte ledd skal lyde:

Skolar som driv verksemd etter § 2-1, andre ledd bokstav d, kan få godkjenning frå departementet til å krevje idrettsskolepengar i tillegg til ordinære skolepengar dersom det er eit særskild behov for dette. Departementet fastset ein maksimal grense på kor mykje idrettsskolepengar som kan krevjast. Dersom grunnlaget for godkjenninga blir redusert eller fell bort, skal skolen ta høgde for dette ved fastsetting av idrettsskolepengane og departementet skal varslast.

Nytt femte ledd i § 6-2 inneber at godkjente privatskolar som i dag fell inn under privatskolelova § 2-2 andre ledd bokstav d) som skular med særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, får eit særleg høve til å krevje idrettsskolepengar. Dette er skolar som tilbyr anten Utdanningsprogram for idrettsfag kor det valfrie programmet toppidrett 1, 2, og 3 er obligatorisk for elevane, eller Utdanningsprogram for studiespesialisering med tillegg av minimum 5 veketimar toppidrett etter eigen plan. I tillegg må skolen kunne dokumentere at den legg særskilt til rette for toppidrettssatsing, mellom anna når det gjeld organisering av skolekvardagen, skole- og treningsanlegg og spisskompetanse innanfor dei/den idrett skulen tilbyr.

Vi har forståing for at skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar. I Hordaland fylke er det eit fylkeskommunalt tilbod om Utdanningsprogram for idrettsfag med programmet toppidrett 1, 2, og 3 er obligatorisk for elevane innan vinteridrettar ved ein skole. Det er også eit fylkeskommunalt tilbod om Utdanningsprogram for studiespesialisering med tillegg av 10 veketimar toppidrett etter eigen plan. Begge tilboda er særskilt lagt til rette for toppidrettssatsing. Den idrettsfaglege delen av tilboda er drevet saman med Olymipatoppen Vest.

Fordi skulane som driv særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett har trong for ekstra ressursar, meiner Fylkesrådmannen meiner det er urimeleg at det berre er dei private skulane som skal få høve til å krevje auka skolepengar frå elevane utan at dei offentlege skolane får anledning til det. Dette forsterkar den uliksskapen som allereie eksisterar ved at to private skular får eit særleg toppidrettstilskot, slik det vart innført ved budsjettvedtak første gong i 1999. Tilskotet skulle verte gitt for maksimalt 810 elevar og til skolane Norges Toppidrettsgymnas og Wang, for høvesvis 630 elevar og 180 elevar. Tilsvarende er gitt kvart år sidan, i årlege budsjettvedtak. I St.prp. nr.1 (2008-2009) post 79 er dette omtalt og det går fram der at satsen for 2009 er på ca. kr 17.700 pr. elev.

Til saman vil desse to ordningane føre til at private skolar med toppidrett har eit økonomisk fortrinn samanlikna med offentlege skular med same tilbod.